



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Rapport 40 2017

Kulturhistoriske registreringar

Detaljregulering ny Fv 561 Kolltveit-Ågotnes, Fjell kommune
Utvida plangrense 2017



Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

Innhald

1. Samandrag.....	5
2. Bakgrunn.....	5
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep	9
4. Metode	10
5. Området.....	12
6 Tidlegare funn - kjende automatisk freda lokalitetar	13
7. Undersøkinga	14
7.1 Automatisk freda kulturminne	16
8. Konklusjon.....	23

Figurliste

Figur 1 Oversiktskart med planområdet markert.....	6
Figur 2 Oversiktskart, opprinneleg plangrense 2016 markert med blått, utvida plangrense 2017 markert med grønt. Varselkart frå Fjell kommune. Svart sirkel viser området som vart vurdert til å ha potensial for funn.....	7
Figur 3 Planområdet ved Fjæreidpollen. Prøvestikka som vart gravne er markert med grønne punkt.	8
Figur 4 Oversikt over dei arkeologiske periodane.....	9
Figur 5 Strandforskyvingskurve for området ved Fjæreidpollen.....	11
Figur 6 Foto mot Inste Djupedalen, Fjæreidpollen i bakgrunnen. Mot nord.	12
Figur 7 Oversiktskart, kjende automatisk freda kulturminne nord for Fjæreidpollen, alle steinalderlokalitetar. Planområdet er markert med raud strek.	13
Figur 8 Oversiktskart, prøvestikka som vart gravne. Raud punkt er funnførande stikk, grønne punkt er funntomme. Raud linje er vestre plangrense.	14
Figur 9 Avgrensing av lokaliteten id 236645.	15
Figur 10 Nordaustleg del av lokaliteten. Sett mot nordvest.....	16
Figur 11 Nordleg del av lokaliteten. Personen på biletet står ved PS 8. Sett mot nordvest.....	17
Figur 12 Sentrale delar av lokalitetsflata. PS 8 i forgrunnen. Sett mot nordaust. Den store steinen til høgre i biletet er steinen mellom PS8 og PS6 på lokalitetsskissa.	17
Figur 14 PS 8, med 15 cm tjukt lag over sandlinsa, tolka som kulturlag.	19
Figur 15 Profildeikningar, funnførande prøvestikk lokalitet 1.....	20
Figur 16 Funnkatalog lokalitet 1, Askeladden id. 236645. Katalogisert ved Universitetsmuseet i Bergen.	22

Vedlegg

Prøvestikkskjema

Lokalitetsskisse

Tilvekst Universitetsmuseet i Bergen

For feltfoto viser ein til HFK sitt fotoarkiv «Fotostation».

1. Samandrag

I samband med planarbeid for ny Fv 561 mellom Kolltveit og Ågotnes i Fjell kommune har fylkeskonservatoren ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet.

Registreringa vart gjennomført i perioden 11.-21. desember 2017 av Robert Stormark, Lars Røgenes og Ambjørg Reinsnos. Rapport er skriven av Lars Røgenes og Ambjørg Reinsnos.

Delar av planområdet vart overflateregistrert, og det vart grave 14 prøvestikk. Eitt automatisk freda kulturminne vart påvist, ein steinalderlokalitet (Askeladden id. 236645).

2. Bakgrunn

I samband med planarbeid for ny FV 561 mellom Kolltveit og Ågotnes gjennomførte fylkeskonservatoren ved Hordaland fylkeskommune i 2016 arkeologiske registreringar langsmed traséen, rapport 7-2016. I e-post datert 09.06.2017 varsla Fjell kommune om utviding av planområdet. Høgde over havet samt topografiske tilhøve indikerte at delar av det utvida planområdet hadde potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, særleg frå steinalder.

Dette var primært i området ved Fjæreidpollen. Det vart difor gjennomført ei tilleggsregistrering i delar av det utvida planområdet i 2017. Saksnummer i saka er 2015/10285.




 **HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



0 4 500 9 000 Meter



Figur 1 Oversiktskart med planområdet markert.



Figur 2 Oversiktskart, opprinneleg plangrense 2016 markert med blått, utvida plangrense 2017 markert med grønt. Varselkart frå Fjell kommune. Svart sirkel viser området som vart vurdert til å ha potensial for funn.



Figur 3 Planområdet ved Fjæreidpollen. Prøvestikka som vart gravne er markert med grøne punkt.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminnelova § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne, og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 4 Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og tiltak i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje vert øydelagde som følge av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.

4. Metode


Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm. Den oppgrave massen under torva vert vassålda i såld med 4

millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon vere lett å finne.

Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere til dømes gravminne, hustufter, helleristingar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar jernvinne, steinbrot og bygdeborger.

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid, enten ved at tidlegare tiders busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving. Det er utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette kan vere ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinekurver er også ein metode ein nyttar for å datere steinalderlokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det aktuelle området er vist på figuren under.



Figur 5 Strandforskyvningskurve for området ved Fjæreidpollen.

5. Området


Planområdet for Fv 561 strekkjer seg frå Kolltveit i sør via Fjæreidpollen og Stegavatnet til Ågotnes i nord. Ved undersøkinga i 2017 vart den utvida delen av planområdet ved Fjæreidpollen arkeologisk registrert. Fjæreidpollen er ei bukt eller ein poll som strekkjer seg sørvest frå Hjeltefjorden/Spjeldsøyna. På austsida av pollen ligg Inste Djupedalen, eit smalt daldrag orientert nordvest-søraust. Det veks i dag tett granskog i tilnærma heile daldraget. Jordsmonnet er skrint, og draget er generelt vått, og nesten utan lausmassar. Frå dalbotnen skrår terrenget skarpt mot nordaust og sørvest.



Figur 6 Foto mot Inste Djupedalen, Fjæreidpollen i bakgrunnen. Mot nord.

6. Tidlegare funn - kjende automatisk freda lokalitetar

Det var frå før kjend fleire automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, og i området nord for Fjæreidpollen er det kjend ei rekkje steinalderlokalitetar.




Figur 7 Oversiktskart, kjende automatisk freda kulturminne nord for Fjæreidpollen, alle steinalderlokalitetar. Planområdet er markert med raud strek.



7. Undersøkinga

Registreringa vart gjennomført i to omgangar: 11. desember 2017, av Robert Stormark og Lars Røgenes, og 19.-21. desember 2017, av Lars Røgenes og Ambjørge Reinsnos. 11. desember var det ikkje mogleg å grave prøvestikk grunna vêrforholda.

Det vart overflateregistrert og undersøkt for lausmassar i Inste Djupedalen og på terrasser og flate parti på nordaustleg side av denne. Det vart grave til saman 14 prøvestikk; 5 funnførande og 9 funntomme. Desse vart grave på og rundt ryggen midt i Inste Djupedalen, mellom 11 og 14 meter over havet, der det var høgast potensial for funn av steinalderlokalitetar. Det vart registrert eitt automatisk freda kulturminne i området.



Figur 8 Oversiktskart, prøvestikka som vart gravne. Raude punkt er funnførande stikk, grøne punkt er funntomme. Raud linje er vestre plangrense.



Figur 9 Avgrensning av lokaliteten id 236645.

7.1 Automatisk freda kulturminne

Det vart registrert eitt automatisk freda kulturminne i undersøkinga; eit busetnads-/aktivitetsområde frå steinalder (Askeladden id 236645).

7.1.1 Djupedalen lokalitet 1, Askeladden id. 236645: Busetnad/aktivitetsområde frå eldre steinalder

Lokalitetsskildring

Lokaliteten ligg på ein smal rygg i Inste Djupedalen, på omlag 12-14 meter over havet. Lokaliteten måler 248 m², og er definert av 5 funnførande prøvestikk; PS6, PS8, PS9, PS10 og PS12. Lokaliteten er avgrensa av ein bratt skråning/skrent i nordvest, og av steinur, skrinne område og det negative prøvestikket PS1 i nordaust. I aust er lokaliteten avgrensa av dei funntomme prøvestikka PS13, PS3 og PS2, og i sør av skrinne område og det funntomme prøvestikket PS14. I sørvest/vest går eit bekkefar. Dette dekkjer ved kraftig nedbør eit relativt breitt område. Vest for bekkefaret er det lite lausmassar. Sjølve lokalitetsflata ligg noko høgare enn bekkefaret, og er godt naturleg drenert. Det ligg fleire store steinar på lokalitetsflata, og det veks tett granskog i heile daldraget. Den tette granskogen medførte at dekninga for innmåling med GPS var noko mindre nøyaktig enn ved normale tilhøve.




Figur 10 Nordaustleg del av lokaliteten. Sett mot nordvest.



Figur 11 Nordleg del av lokaliteten. Personen på bildet står ved PS 8. Sett mot nordvest.



Figur 12 Sentrale delar av lokalitetsflata. PS 8 i forgrunnen. Sett mot nordaust. Den store steinen til høgre i bildet er steinen mellom PS8 og PS6 på lokalitetsskissa.



Figur 13 Lokaltetsskisse, Askeladden id 236645

Funn, stratigrafi og datering

Det vart gjort 93 funn på lokaliteten, fordelt på dei 5 funnførande prøvestikka PS6, PS8, PS9, PS10 og PS12, sjå tabellen under. Råstoffa er flint, kvartsitt og bergkrystall. PS 8 omlag midt på lokalitetsflata var prøvestikket med flest funn; 48 av funna er herifrå. Funna er katalogisert ved Universitetsmuseet i Bergen under tilvekstnummer B17946.


Dei funnførande prøvestikka på lokaliteten var mellom 65-70 cm djupe, og torva var mellom 24-34 cm tjukk. I botnen av dei fleste stikka kom ein ned på kompakt aur eller stor stein/fjell. I alle dei funnførande prøvestikka var det ei linse av grå sand/silt, omlag 5-10 cm tjukk. I PS9 og PS12 låg denne sandlinsa rett under torva, medan PS6, PS8 og PS10 hadde eit lag med mørkbrun jord blanda med nevestor stein mellom torva og sandlinsa (Lag 2 i PS6 og PS10). Dette laget over sandlinsa er i PS8 tolka som kulturlag. Laget var her 15 cm tjukt, mørk brunt, feitt og inneheldt trekolbitar og hasselnøttskal. I PS6 og PS10 var massen mindre feitt, og i PS6 vart det ikkje gjort funn av trekol i laget. For profilar av prøvestikka sjå figur 14 og 15. I PS 6, 9 og 10 er det gjort funn i laga frå rett under torven og ned til aur/fjell/stein, medan i PS12 er funna gjort i dei øvste laga i prøvestikket (lag 2/øvste del av lag 3).

Ingen av funna er direkte diagnostiske, men mikroflekker og råstoffsamansetning peiker i retning seinmesolittikum. Høgdemessig plassering kan også tyde på dette; 12-14 moh tyder på anten eldre eller tidleg yngre steinalder.



Figur 14 PS 8, med 15 cm tjukt lag over sandlinsa, tolka som kulturlag.


PS 6
Mål: 40x40 cm
Djupn: 70 cm
6 Bøttelag
Funn: Ja



- 1) Torv
- 2) Mørk brun/svart moldjord med endel 5-10 cm store steinar
- 3) Grått sandlag
- 4) Kompakt, brunoransje masse med mye 10 cm store steinar
- 5) Kompakt, oransje aur


40 cm

PS 9
Mål: 40x40 cm
Djupn: 70 cm
5 Bøttelag
Funn: Ja




- 1) Torv
- 2) Grå sandlinse
- 3) Mørk brun moldjord med mye nevestor stein, meir kompakt nedover i laget
- 4) Kompakt, brunoransje masse med mye 10 cm store steinar
- 5) Kompakt, oransje aur

PS 12
Mål: 40x40 cm
Djupn: 68 cm
5 Bøttelag
Funn: Ja




- 1) Torv
- 2) Grå sandlinse
- 3) Mørk brun, steinholdig minerogent lag
- 4) Som 3 men meir kompakt og med meir stein, ca nevestor og større
- 5) Oransje sand/silt

PS 10
38x38 cm
Djupn 65 cm
Funn: Ja



- 1) Torv
- 2) Brunsvart, trekolhaldig sandblanda silt
- 3) Brungrå sand
- 4) Grå grus og sand med stein
- 5) Grågul til oransje sandblanda grus

PS 8
45x45 cm
Djupn: 65 cm
Funn: Ja



Figur 15 Profildeikningar, funnførande prøvestikk lokalitet 1.

Kontekst	Mekanisk_Lag	Funnr	Gjenstand	Materiale	Antall	Gjstand_Beskrivelse	Museumsnr.
PS 6	bøttelag 2	1	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 2	2	Avslag	kvarts	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 2	3	avslag med retusj	bergkrystall	1		B17946/5
PS 6	bøttelag 3	4	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 3	5	Avslag	lys kvartsitt	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 3	6	Mikroflekke	flint	1		B17946/11
PS 6	bøttelag 3	7	ubestemt kjerne	flint	1		B17946/7
PS 6	bøttelag 3	8	Stikkel	flint	1		B17946/2
PS 6	bøttelag 3	9	Mikroflekkefragment	flint	1		B17946/11
PS 6	bøttelag 4	10	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 4	11	Avslag	kvarts	1		B17946/13
PS 6	bøttelag 4	12	ubestemt kjerne	flint	1		B17946/9
PS 6	bøttelag 4	13	avslag med retusj	flint	1		B17946/5
PS 6	bøttelag 4	14	Stikkel	bergkrystall	1	passar med #15	B17946/2
PS 6	bøttelag 5	15	Stikkel	bergkrystall	1	passar med #14	B17946/2
PS 8	bøttelag 1	16	Avslag	kvarts	7		B17946/13
PS 8	bøttelag 1	17	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 8	bøttelag 1	18	Avslag	lys kvartsitt	2		B17946/13
PS 8	bøttelag 1	19	Mikroflekkefragment	flint	1		B17946/11
PS 8	bøttelag 1	20	Smalflekkefragment	flint	1		B17946/10
PS 8	bøttelag 1	21	avslag med retusj	flint	1		B17946/5
PS 8	bøttelag 1	22	avslag med retusj	lys kvartsitt	1		B17946/5
PS 8	bøttelag 1	23	retusjert flekkeliknande avslag	flint	1		B17946/3
PS 8	bøttelag 1	24	Biter	nøtteskall	6		B17946/15
PS 8	bøttelag 1	25	Biter	skjell	1		B17946/16
PS 8	bøttelag 2	26	avslag/bitar	kvarts	19		B17946/13
PS 8	bøttelag 2	27	Avslag	flint	7		B17946/13
PS 8	bøttelag 2	28	avslag med retusj	bergkrystall	1	Stikkelslitasje	B17946/4
PS 8	bøttelag 2	29	bipolar kjerne	flint	1		B17946/6
PS 8	bøttelag 2	30	Biter	kull	4		B17946/14
PS 8	bøttelag 4	31	avslag med retusj	kvartsitt	1		B17946/5
PS 9	bøttelag 2	32	Avslag	lys kvartsitt	1		B17946/13
PS 9	bøttelag 3	33	Avslag	kvarts	2		B17946/13
PS 9	bøttelag 3	34	Avslag	lys kvartsitt	1		B17946/13
PS 9	bøttelag 3	35	flekkelignende avslag	lys kvartsitt	1		B17946/12
PS 9	bøttelag 3	36	avslag med retusj	lys kvartsitt	1		B17946/5
PS 9	bøttelag 3	37	Kjernefragment	lys kvartsitt	1		B17946/9
PS 9	bøttelag 4	38	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 9	bøttelag 4	39	avslag med retusj	lys kvartsitt	1	Stikkelslitasje	B17946/4
PS 9	bøttelag 5	40	Avslag	brun kvartsitt	1		B17946/13
PS 9	bøttelag 5	41	Avslag	lys kvartsitt	1		B17946/13
PS 9	bøttelag 5	42	Avslag	kvarts	1		B17946/13
PS 10	bøttelag 1	43	Avslag	flint	1		B17946/13
PS 10	bøttelag 2	44	Avslag	kvarts	1		B17946/13

PS 10	bøttelag 34	45	Avslag	Kvarts	1	B17946/13
PS 10	bøttelag 34	46	Biter	Nøtteskall	3	B17946/15
PS 12	bøttelag 1	47	Avslag	Flint	2	B17946/13
PS 12	bøttelag 1	48	Avslag	Kvarts	1	B17946/13
PS 12	bøttelag 2	49	Avslag	Kvarts	2	B17946/13
PS 12	bøttelag 2	50	Avslag	Bergkrystall	1	B17946/13
PS 12	bøttelag 2	51	Avslag	lys kvartsitt	2	B17946/13
PS 12	bøttelag 2	52	Plattformavslag	Flint	1	B17946/8
PS 12	bøttelag 3	53	Avslag	Kvarts	4	B17946/13
PS 12	bøttelag 3	54	Avslag	Flint	1	B17946/13
PS 12	bøttelag 3	55	endeskraperfragment på flekke	Flint	1	B17946/1
PS12	bøttelag 5	56	Avslag	lys kvartsitt	1	B17946/13

Figur 16 Funnkatalog lokalitet 1, Askeladden id. 236645. Katalogisert ved Universitetsmuseet i Bergen.

8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa som vart gjort i samband med utvida plangrense for ny Fv 561 mellom Kolltveit og Ågotnes i Fjell kommune vart gjennomført 11. og 19-21. desember 2017. Det vart gjort funn av eitt automatisk freda kulturminne som kjem inn under kulturminnelova § 4; ein steinalderlokalitet. Lokaliteten har id. 236645 i kulturminnedatabasen «Askeladden».

Litteratur

Helskog, K., Indrelid, S. & Mikkelsen, E. 1976. *Morfologisk klassifisering av slåtte steinartefakter*. Universitets Oldsaksamlings årbok 1972-1974.

Lohne, Ø.S. 2006: *SeaCurve_v1 – Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (MS Excel regneark)*.

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger*.

Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyvning på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen

<https://askeladden.ra.no>

Vedlegg

Prøvestikkskjema

Lokalitetsskisse

Tilvekst, Universitetsmuseet i Bergen

Prosjekt: 561
 Kommune: Furu

Lokalitet:
 Dato og signatur: 24/12/17

PS nr	PS 8	10		
Mal	45, 45	36, 38		
Øyde	ca 6'	ca 6'		
Lier	6 x 12	4 x 12		
Lunn	ca 10	ca 3		
		200- lag	200- lag	Bette- lag
Oversikt				Bette- lag
S		FORM		
T				
R				
A	50 FOTO		2	
E	20/12/17	②	3	
I	ca 5m	③		
G	DUKT		4	
R	6 BL.			
A				
F				
I				
		① BARNSTAD KULLAG OG ASILT. ② ANLØST ③ 200- OG 300- LAG ④ GRAS/MASK MÅSSE LAG		

- | | | | |
|--------------------------|------------|--------------------------|--------------|
| <input type="checkbox"/> | Terr | <input type="checkbox"/> | Jord/muld |
| <input type="checkbox"/> | Silt/leire | <input type="checkbox"/> | Kullag |
| <input type="checkbox"/> | Sand | <input type="checkbox"/> | Kullbæger |
| <input type="checkbox"/> | Grus | <input type="checkbox"/> | Skjerbrattin |
| <input type="checkbox"/> | Stein | <input type="checkbox"/> | Lunn |
| <input type="checkbox"/> | Berg | <input type="checkbox"/> | Kullerlag |

Prosjekt: FV 561 Utredelse drift

Lokasjon:

Kommune: Fjell

Date of signature:

PS nr	PS 6	PS 9, M+V	PS 12, M+V
Mål	40x40	40x40	40x40
Dybde	70 cm	70 cm	68 cm
Lita	6 BL	5 BL	5 BL
Form	JA	JA	JA
Overflate	V V V	V V	
S I R A T I 3 G R A F I	1	TORV ↑	1
	2		2
	3		3
	4		4
	5	Fstov 37+38	Fstov 39+40
	6		

Profil med
sør



Grå
sandlag
vannrett

- 1- TORV
- 2- Grå sandlinse
- 3- mørk brun middjord med mye næresor stein
- 4- Kompakt masse mye stein ca 10 cm brun-orangefarge
- 5- Oranefarge sand/fyll

7	torv	Jordbrødd
	Siltete	Kullag
	Sand	Kullag
	Grå Stein	Sjorbrødder
	torv	Fyll
		Kullag

12/100

steinw




Tilvekst, Universitetsmuseet i Bergen:

B17946 Registreringsfunn frå Fv-561, Knappskog gnr. 30 bnr. 13, Fjell k., Hordaland.

- /1 1 endeskraparfragment av flint, laga av flekke, lengde 0,8 cm.
- /2 3 stiklar, 2 av bergkrystall og 1 av flint, største mål 1,9-2,2 cm.
- /3 1 retusjert flekkeliknande avslag av flint, lengde 2,0 cm.
- /4 2 retusjerte avslag, 1 av kvartsitt og 1 av bergkrystall, stikkelslitasje, største mål 0,9-0,9 cm.
- /5 6 retusjerte avslag, 3 av kvartsitt, 2 av flint og 1 av bergkrystall, største mål 1,1-3,0 cm.
- /6 1 bipolar kjerne av flint, største mål 1,7 cm.
- /7 1 kjerne av flint, største mål 1,5 cm.
- /8 1 plattformavslag av flint, største mål 1,3 cm.
- /9 2 kjernefragment, 1 av flint og 1 av kvartsitt, største mål 1,4-2,9 cm.
- /10 1 smalflekkfragment av flint, lengde 1,8 cm.
- /11 3 mikroflekke/-fragment, 2 av flint og 1 av kvarts, lengde 0,8-2,2 cm.
- /12 1 flekkeliknande avslag av kvartsitt, lengde 2,5 cm.
- /13 67 avslag, 40 av kvarts, 16 av flint, 10 av kvartsitt og 1 av bergkrystall, største mål 5,0 cm.
- /14 4 bitar av trekol, lengde 1,8 cm.
- /15 9 bitar av brente nøtteskal, lengde 1,8 cm.
- /16 1 bit av udefinert skjell

Funnomstendighet: Arkeologisk registrering/forundersøkelse FV 561 Kolltveit/Ågotnes utviding av plangrense.

LokalitetsID: 236645.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

